

Arkivnr: 2014/15801-1

Saksbehandlar: Guro Klyve

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		13.05.2014
Fylkesutvalet		20.05.2014
Fylkestinget		11.06.2014

Areal til bussanlegg i Sunnhordland - kjøp av eigedomar**Samandrag**

Fylkesrådmannen foreslår i saka kjøp av eigedom på Stord og kjøp av eigedom på Bømlo til bussanlegg i samband med konkurranseutsetjing av 2. generasjon busskontraktar i Sunnhordland.

Det er framforhandla avtalar om kjøp, og for eigedomen på Stord er kjøpesummen kr. 24.621.072 med overtaking i 2014, og for eigedomen på Bømlo er kjøpesummen kr. 5.550.000 med overtaking i 2015. I tillegg til dette kjem kostnader til tinglysing og kostnader til eigedomsmeklar ved gjennomføring av dei økonomiske oppgjera. I kontraktane er det teke atterhald om politisk godkjenning.

Det vert rådd til at kjøpsavtalane vert godkjent, og at kjøpet på Stord vert finansiert med auka låneopptak i 2014 og at kjøpet på Bømlo vert innarbeidd i budsjettet for 2015.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 27 bnr. 811 i Stord kommune for kr. 24.621.072, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr. 25.300.000.
2. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 89 bnr. 122 og 127 i Bømlo kommune for kr. 5.550.000, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr. 5.750.000.

3. Budsjettet for 2014 vert endra som følgjer:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	30027000	02810	00010 Bussanlegg - Øvre Sæ - Stord	25 300 000	
10	79010000	09100	09977 Auka låneopptak		25 300 000
				25 300 000	25 300 000

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Nils E. Vetlesand
fung. fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Kjøpekontrakt for kjøp av gnr 27 bnr 811 i Stord kommune
Kjøpekontrakt for kjøp av gnr 89 bnr 122 og 127 i Bømlo kommune
Oversiktskart - Stord
Oversiktskart - Bømlo

Fylkesrådmannen, 02.05.2014

Fylkestinget vedtok i sak 55/04 å konkurransesutsetje bussruteproduksjonen. Fylkesutvalet fekk fullmakt til å godkjenne opplegget for konkurransen, kva for ruter eller rutepakkar som skulle konkurransesutsetjast og kva avtaleformer som skulle nyttast.

I sak 138/06 vedtok fylkesutvalet at avtaleforma som skulle nyttast er bruttoavtalar med incentivordningar.

Ruteproduksjonen for rutepakke Sunnhordland, 1. generasjon, vart lagt ut for anbod med oppstart 01.07.2008. Operatør i Sunnhordland er Nobina Norge AS, og i kontrakten med Skyss går den ordinære driftsperioden fram til 01.07.2015. Skyss har utløyst opsjon på å forlenge kontraktperioden med 2 år, slik at kontrakten gjeld til 01.07.2017.

Skyss førebur no 2. generasjon bussanbod, gjeldande frå 01.07.2017.

I samband med konkurransesutsettinga av 1. generasjon busskontraktar i Hordaland har Hordaland fylkeskommune sikra seg viktige anlegg i og rundt Bergen. Kjøpa var i første rekke grunngeve i omsynet til likeverdige konkurransesvilkår ved gjennomføring av konkurransesutsettinga.

Utanfor Bergensområdet vil det vere naturleg å gjere ei konkret vurdering av kvart enkelt område for å svare på om fylkeskommunen skal stille slike anlegg til disposisjon.

I Sunnhordland er hovudanlegget i dag på Vabakkjen. Dette er eit anlegg som Nobina leiger av ein privat aktør. Det er no klårt at den private eigaren ikkje skal vidareføre dette anlegget som bussanlegg. Fylkesrådmannen vurderer at det også i framtida er behov for eit bussanlegg sentralt på Leirvik. Då dette er eit område med avgrensa tilgong på næringsseigedomar vurderer fylkesrådmannen at det vil vere føremålstenleg at fylkeskommunen tek ansvaret for å etablere eit bussanlegg i området. For anlegget på Leirvik vil det vere behov for oppstilling for mellom 20 og 30 bussar.

I rutepakke Sunnhordland er det i tillegg stasjonert ein del bussar på Bømlo. Også dette er eit anlegg som Nobina i dag leiger og som i framtida vil bli nytta til anna føremål. For å sikre seg mot unødige tomkøyringskostnader vurderer fylkesrådmannen at det også vil vere føremålstenleg at fylkeskommunen sikrar seg ein eigedom på Bømlo for oppstilling/pauserom/vask i framtida. Her vil det vere behov for oppstilling av i underkant av 20 bussar.

Eigedomsmeklarselskapet Fana Sparebank Eiendom AS har hatt i oppdrag å søke etter aktuelle areal for bussanlegg på Stord og Bømlo samt å undersøke prisnivå.

Ulike alternativ har vore vurdert, og det har òg vore dialog med kommunane med omsyn til plassering.

Fylkesrådmannen har festa seg ved eit tomteareal på Øvre Sæ i Stord kommune og ein bebyggd eigedom i Hollundsdaalen i Bømlo kommune.

Øvre Sæ i Stord kommune

På Øvre Sæ på Stord er det ei tomt på 14,655 mål som vil vere høveleg for etablering av nytt bussanlegg med nødvendige servicebygg. Tomtearealet omfattar heile eigedomen gnr. 27 bnr. 811, og den ligg ca. 100 m frå avkjøringa frå E39 mot Leirvik. Eigedomen er ferdig planert, og infrastruktur for veg og VA er ferdig opparbeidd inn mot tomta. Arealet er regulert til område for industri/forretning/kontor.

Det er forhandla fram ein avtale om kjøp av tomtearealet for kr. 1.680 pr. m², og kjøpesummen er kr. 24.621.072. Dato for overtaking av eigedomen er snarast mogeleg etter 12.06.2014, og innan 01.09.2014. Fana Sparebank Eiendom AS vil gjennomføre det økonomiske oppgjeret.

Fylkesrådmannen tilrår at den vedlagte kjøpekontrakten om kjøp av gnr. 27 bnr. 811 i Stord kommune vert godkjent. Avtalen er signert av seljar, og det er i kontrakten teke atterhald om politisk godkjenning.

I tillegg til kjøpesummen kjem kostnader til tinglysing og kostnader til eigedomsmeklar. Samla kostnadsramme ved overdraginga er på kr. 25.300.000, og det vert tilrådd at kjøpet vert finansiert med auka låneopptak i 2014.

Hollundsdaalen i Bømlo kommune

Eigedomen gnr. 89 bnr. 122 og 127 i Bømlo kommune ligg i eit næringsområde i Hollundsdaalen. Tomta er på tilsaman 4,096 mål, og det er oppført eit kontor-/verkstadsbygg på denne. Sum BTA er 281 m2 og byggeår er ca. 1994-96.

Eigedomen ligg sentralt i høve til den ruteproduksjonen Skyss har på Bømlo, og den er ca. 2 km frå der Nobina har sitt anlegg i dag. Her vil det ikkje verte etablert servicebygg utover sjåførfasilitetar.

I 2008 vart det innhenta verdi- og lånetakstar for gnr. 89 bnr. 122 og gnr. 89 bnr. 127. Samla salspris vart vurdert til kr. 5.550.000.

Det er nettopp forhandla fram ein avtale om kjøp av eigedomen for kr. 5.550.000.

Dato for overtaking av eigedomen er tidlegast 01.03.2015 og innan 01.09.2015. Fana Sparebank Eiendom AS vil gjennomføre det økonomiske oppgjeret.

Sidan overtakinga er langt fram i tid, skal fylkeskommunen i perioden frå signering av avtalen og fram til overtakinga kunne ha tilgong til eigedomen dersom dette er naudsynt for å få gjennomført planleggingsarbeidet.

Eigedomsmeklar sender no kjøpekontrakt m/vedlegg til seljar for underteikning. Det er i avtalen teke atterhald om politisk godkjenning.

Vedlagt følgjer kopi av den usignerte kjøpekontrakten. Fylkesrådmannen tilrår at kjøpekontrakten om kjøp av gnr. 89 bnr. 122 og 127 i Bømlo kommune vert godkjent.

I tillegg til kjøpesummen kjem kostnader til tinglysing og kostnader til eigedomsmeklar. Samla kostnadsramme ved overdraginga er på kr. 5.750.000, og det vert tilrådd at kjøpet vert innarbeidd i budsjettet for 2015.

Vidare arbeid

Vert avtalane godkjent, vil Skyss starte arbeidet med planlegging av bygging av bussanlegga.

Fylkesrådmannen har enno ikkje oversyn over kostnadene med dette, men vil kome attende med ei eiga sak som gjeld bygging av anlegga.